



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

April 2017

60. årgang



**Alt som tyngjer, kan du legge av deg ved Kristi kross.  
(Frå samtalegudstenesta i Brekke kyrkje 19.03.2017)**

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik [anne.ryssdal.tveit@enivest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@enivest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282

**Kontingenten er fri.**

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN:** Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035 [jens.linde@gulen.kyrkja.no](mailto:jens.linde@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389 [post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor:Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093  
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESRÅD:**

**Gulen sokn:** Iddi Glenjen. Tlf. 90711923. [eglenjen@online.no](mailto:eglenjen@online.no)

**Brekke sokn:** Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatvteit@hotmail.com](mailto:cawaatvteit@hotmail.com)

**Mjømna sokn:** Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen@enivest.net](mailto:bente.haugen@enivest.net)

**Fellesråd:** Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@enivest.net](mailto:malfrid.undertun@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpende om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkjekontoret er redaktør for både heimesida og facebooksida.

## Redaksjonen

Årsmeldingane for Gulen kyrkjelege fellesråd og for sokna fyller største-delen av dette bladet, og gir god informasjon om kva som har skjedd på kyrkjefronten i 2016.

Neste nummer kjem i juni.

### Innleveringsfrist 25. mai.

Som nemnt i førre nr., er Gulen kyrkjelydsblad 60 år i år. Første bladet kom ut i april 1958. Brekke sokn høyrdé då til Lavik prestegjeld, og bladet heitte såleis *Kyrkjelydsblad for Gulen og Mjømna*. Sokneråda var utgjevar, og sokneprest Johannes Holten bladstyrar. Vilhelm Bjørknes laga teikninga på framsida.



Det aller første stykket som stod i nr. 1 i 1958, er aktuelt også i dag, og vi tek det med som vår påskehelsing til lesarane. Det er skrive av sokneprest Johannes Holten.

## Krossane talar

Ja, har du hørt deira tale? Eg tenkjer då på dei krossane som er reiste nær kyrkja i Eivindvik. Ikkje høglydt talar dei, men stilt og sterkt, der dei står planta i mor Noregs jord, sette der av sterke og grove hender i forne tid.

Kva talar dei om? Dei talar for det

fyrste om det tidsskiljet som kom til vårt land med kristendomen. Krossmerket markerer dette tidsskiljet. No kom det ei tid med Guds ljós og kraft til eit heidensk folk. Bodskapen om Kvite-Krist kom med den nye tida, og hans merke var krossen. Så kunne det ikkje gjerast enklare, men på same tid ekte og talande: Jesu Kristi merke var reist av stein til eit samlingsmerke, der messa lydde med tale og song og samla folket frå fjern og nær. Her vart også dei små døypte i Faderens og Sonen og den Heilage Andens namn.

Dei vakre innleiingsorda i Gulatingslova er merkte av det nye som denne tida kom med:

*Det er opphavet til lovene våre, at me skal bøya oss mot aust og be den heilage Krist om godt år og fred, og om at me må få halda landet vårt bygt og ha landsherren helsig. Han vere vår ven, og me hans vener, og Gud venen åt oss alle.*

I gudstru og seder vart det lagt ein ny kurs ned i folkegrunnen. Det gjekk mot frigjering frå heidensk tru og levevis.

Men krossane sin tale og vitnemål går lenger attende. Dei minner oss om Jesu kross, den han bar, og den han vart krossfest på. Heile Jesu liv og lidingsveg samlar seg liksom i dette eine ord: Krossen.

Men her er også grunnen lagd for at ordet om krossen og evangeliet kan forkynnast for menneskeætta.

For Jesus vann sin største siger på krossen, der han avvæpna maktene og

overrådene. Kol. 2.15.

Så er evangeliet ein bodskap om denne evige siger som er vunnen. No kan det forkynnast frelse og fred for alle menneske. Det er von for alle, også for den som har villa seg bort i synd og skam. Krossen lyser og leier heimatt til Farshuset.

Det er dette krossane talar om i dag òg. Lat denne talen gå oss til hjarta! Lat oss leggje merke til det krossane vitnar om. Dei talar om det Gud har gjort for oss, for meg og for deg. Me skulle difor stogge der med krossen og seie med det gamle ordet: *Eg helsar deg, kross, mi einaste von.*

Han på krossen, han åleine,  
all mi frygd og frelsa er.

Ingen som Guds Lamb, det reine,  
alt til beste for meg gjer,  
ingen er med meg so god,  
ingen hev so tolugt mod,  
leita eg kring jorderike,  
aldri fann eg der hans like.

Han på krossen, han åleine,  
ingen annan mellom menn  
enn Guds Lamb, det gode, reine,  
døyrr for uven som for ven.

Han vil ingen støyta ut  
når dei kjem med synd og sut.  
«Kome alle!» so han talar,  
strider, bløder og hugsvalar.

*Johannes Holten*



# Gulen kyrkjelege fellesråd – årsmelding 2016

## Rapport frå kyrkjeverja

Kyrkja i Gulen har hatt jamn drift i 2016. Det har vore halde 62 gudstenester, og i snitt har det vore 58,25 deltakarar på kvar gudsteneste.

Vi har hatt 22 konfirmantar, 22 døypte, 4 vigsler og 28 gravferder.

Sokneråda følgjer i stor grad *Plan for kyrkja i Gulen* i arbeidet sitt, også når det gjeld trusopplæring. Vi ser at det er relativt lågt frammøte når vi har fellesarrangement for alle tre sokna, i alle fall i dei yngste aldersgruppene. Kanskje skal ein heller ha fleire års-kull i lag, ha samlingane 3. kvart år i staden for annakvart, og ha det lokalt.



Sokna våre har hatt bispevisitas i haust. Det var 17 år sidan sist. Ein visitas er eit tilsyn, så det krev relativt

mykje både for- og etterarbeid. Eg meiner vi klarte å lage eit godt program for visitasen, og at vi gjennom dei ulike besøka, samtalane og møta fekk fram det som er utfordringane i kyrkja vår. Biskopen har i visitasmeldinga si kome med gode tilbakemeldingar, og nokre punkt han meiner vi må arbeide vidare med.

Hos oss er kyrkja ei typisk folkekyrkje, der ca. 90 % er medlemmer, og det er høg oppslutnad om dåp og konfirmasjon. Det er verre å få til stort frammøte på den frivillige trusopplæringa som skjer i soknet, med t.d. arrangement som *Lys vaken*, *Tårnagentar* og *Barnas Misjonsdag*. Etter planen skal det vere eit tilbod til kvart årssteg fram til ein er 18 år.

Alle sokneråda arbeider med å gjere gudstenestene meir relevante og å gje dei ei form som gjer at både unge og eldre, faste kyrkjegjengarar og dei som går sjeldan, skal kjenne seg heime. Enkel kyrkjekaffi etter kvar gudsteneste er t.d. eit tiltak for å skape ei litt meir sosial ramme rundt gudsstenesta.

At folkekirkja står sterkt, syner også att i vedtak i alle dei tre kommunane Gulen, Solund og Masfjorden, om å delfinansiere ei halv prestestilling. Det er vi svært glade for, og tar det som eit teikn på at lokalsamfunnet ser nytten av ei levande og lokal folkekyrkje.

På same måten har kommunen også vore med i to store investeringar: Brannvarslingsanlegg i alle kyrkjene,

og utbetring/fornying av eit gravfelt på Mjømna gravplass. Det første som eit lån, det andre som tilskot.

Kyrkja er, som resten av det sivile samfunnet, heilt avhengig av frivillige. Kyrkjedemokratiet, med sokneråd og fellesråd, er ein viktig del av det. Og soknerådsmedlemmene går i front for å vere med å drive kyrkja. Vi utfordrar også foreldre til konfirmandar og andre, og har eit godt samarbeid med fleire lag og organisasjoner. Nokon gir oss av tida si, nokon gir pengar, nokon ber for oss. Alle kan vi vere med på kvar vår måte. Det er slik Bibelen seier det skal vere. Vi er alle lemer på éin lekam.

Kyrkjeverja takkar alle for godt samarbeid i 2016.

*Trude Brosvik*

## Råd og utval

Gulen kyrkjelege fellesråd (GKF) er sett saman av to medlemmer frå kvart av sokneråda, éin prest og éin representant for kommunen (og tilsvarande varamedlemmer).

I 2016 har GKF vore slik sett saman: Målfrid Undertun (leiar), Iddi Glenjen, Sissel A. Kvame (nestleiar), Magnus Oppedal, Kjell Kversøy, Inger Alise Einebærholm, prost Geir Sørebø, varaordførar Odd Harald Eide.

Varamedlemmer: Jan Leknes, Signe Baarøy, Turid Strømsnes, Kristin Kjelby, Marte A. Birknes (til 08.09., prest Jens Linde, formannskapsrepresentant Bjarte Undertun.

Fellesrådet har ikkje hatt arbeidsutval eller underutval.

Administrasjonutvalet har vore sett saman av GKF og to arbeidstakarrepresentantar: Margrethe Skåden og Peter T. Jobbagy. Margrethe Skåden har vore leiar.

GKF har hatt 4 møte og behandla 31 saker. I tillegg har fellesrådet vore på møte i samband med visitasen.

Administrasjonsutvalet har hatt eitt møte, og gitt uttale til éi sak per e-postmøte.



## Barne- og ungdomsarbeid

På felles soknerådsmøte i starten av 2016 vart det bestemt at sokneråda skulle gå gjennom eigne tiltak, medan GKF skulle ta ansvar for å rullere planen for dei tiltaka som er felles for alle sokna. Det vart gjort i sak 10/16, og var slik:

Vidareføring av tiltak:

\* Barnas Misjonsdag, går på omgang i sokna. Samarbeid med NMS.

\* Felles konfirmantundervising

Endring av tiltak:

\* Minikonfirmantar. Felles helg på Alværa. To lokale samlingar i kvart sokn, gudsteneste etter Alværa med frammøte og utdeling av diplom.

\* Kombinere gudsteneste 1. pinsedag med pilegrimsvandring frå Krosssteigen til Tusenårsstaden Gulatinget (eller omvendt) (Eller med tur til Guløytoppen) i staden for «I fyr og flamme». Tilbod til alle, men 12-åringane blir spesielt inviterte.

Nye tiltak:

- \* Opprette barnekor i søre del av kommunen. Samarbeid mellom organistane i Gulen og Masfjorden.
- \* Samling for fjaråskonfirmantane *Barnas Misjonsdag* vart arrangert på Byrknes, med god lokal oppslutning. *Minikonfirmantar*, med fire samlingar og week-end på Alværa, vart halden, med innleigd hjelp frå NMS. Samlingane var prøvd lagde rundt i alle sokna, men det fungerte därleg. Lærdomen er at dette truleg bør gå over til lokalt tiltak, med tre årskull og kvart tredje år i soknet. *Tiltaket om barnekor* vart lagt på is, då organisten i Masfjorden likevel ikkje kunne vere med. Men no arbeider Gulen sokneråd vidare med ideen.



Konfirmantarbeidet blir organisert frå kyrkjekontoret. Frå hausten 2016 har vi leigd inn ein person i 10 % for å

vere med som leiar i tillegg til presten. Undervisinga føregår felles for alle sokna, på laurdagar og måndagskveldar. Det er konfirmantleir på Alværa på våren.

Kyrkjelydspedagogen har i første halvår 2016 vore uteleigd til musikk-skulen i 13,68 % stilling.

For oversikt over anna trusopplæringsarbeid: sjå sokneråda sine årsmeldingar.

### **Diakoni og samfunnsengasjement**

Det har vore nokre andaktar på sjukeheim/bu- og omsorgssentra, men dei fleste er initierte av sokneråda.

Fellesrådet har ikkje teke ei rolle med å samordne tiltak eller å vere aktiv i samfunnsdebatten, utover at vi samarbeider med lokalsamfunna og syter for at kyrkja blir ein naturleg og viktig del inn i planar og aktivitetar. M.a. har vi hatt samarbeid med Gulatinget om konsert i samband med deira arrangement. Kyrkjekontoret legg til rette for det praktiske rundt sokneråda sine avgjerder, t.d. kring fasteaksjonen, kyrkjekaffi, innkjøp og liknande.

### **Gudstenester og kyrkjemusikk**

GKF har gitt høyringsinnspel til ny gudstenesteforordning.

Etter at fellesråda gjekk inn for, og kommunestyra løyvde midlar til, lokal medfinansiering av prestetenesta, vart framleggget til forordna gudstenester omarbeidd. Det er no vedteke med minimum 19 gudstenester i Gulen sokn, 18 i Brekke og 18 på Mjømna, der tre av desse er i Byrknes bedehuskapell.



GKF har i samarbeid med sokneråda vedteke ein plan for kyrkjemusikk.

Brekke sokn gjer klokkartenesta på dugnad. Klokkaren i Mjømna sokn slutta ved utgangen av 2016, og Mjømna sokn vurderer å gå inn på same ordning. Fellesrådet gjev då løna til soknerådet.

Alle sokneråda arbeider med liturgi, og har fått løyve til ein lengre prøveperiode.

## Informasjon

Kyrkja har informasjon på mange plattformer. Vi gjev ut Kyrkjelydsbladet med 4-6 nummer i året, 5 nr. i 2016. Bladet er finansiert med gåver, og arbeidet blir i stor grad gjort av Anne R. Tveit (frivillig) og av kyrkjeverja. Bladet har eit opplag på 1600 blad, der ca. 370 er mottakarar utanfor kommunen. Så har vi nettsida [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no), der ein del fast informasjon ligg, og oppdatert gudstenesteliste. Denne sida har forbettingspotensiale, men innanfor dei stillingane vi no har, er det vanskeleg å prioritere ho høgare.

Kyrkja er også på Facebook under Kyrkja i Gulen. Det er lågterskel informasjon, og vi prøver å legge ut

bilete frå det som skjer og å informere om gudstenester og aktivitetar.

Konfirmantane har eiga gruppe på FB for informasjon.

Det blir også kvar veke sendt ut plakatar om gudstenester til frivillige plakatoppengarar, og vi bruker lokalaviser og kommunen sin kulturkalender for informasjon om gudstenestelister.

## Kyrkjebygg og gravplassar

Orgelet i Brekke har hatt eit større ettersyn med reparasjon, utført av D.J. Buder Orgelverkstad, til ein kostnad på kr. 111.000,00. Det vart samtidig gjennomført tilsyn/stemming av orgelet i Gulen kyrkje.

Alle tre kyrkjene har i 2016 fått installert nytt Elotec brannvarslings-system. Arbeidet er prosjektert gjennom Knif, og innstallert av HAFS Elektro AS. Anlegga er så langt mogleg monterte utan synlege kablar m.m. og med ein varslingssentral bak i kyrkja i andre høgda. Det er også detektorar på utsida av kyrkja. Etter ein prøveperiode vil anlegga bli direkte kopla mot alarmsentralen i Bergen. Kostnaden på anlegga er kr. 626.699,00. GKF har fått godkjent rentekompensasjon til tiltaket.

Investeringa vert dekka med lån fra Gulen kommune.

Isolering av innertaket på Mjømna kyrkje har vore vurdert, men vart lagt vekk som løysing inntil vidare. Mest fordi vi ville ha ei samla vurdering og måling av kyrkjene med omsyn til å gjere dei beste tiltaka.

Vi har gjennomført termografering av alle kyrkjene, men har endå ikkje motteke ferdig rapport med tilråding av tiltak.

Eit stort dugnadsarbeid, leia av Kjell Kversøy, har resultert i flaumlys (LED) på Mjømna kyrkje. Fellesrådet har gitt tilskot på kr. 20.000,00 til tiltaket. Resten av utgiftene, ca. kr. 8000,00 har vorte dekka av soknerådet/fellesrådet og privat gave.

Største arbeidet på kyrkjegardane har vore på Mjømna, der ein har teke att store deler av felt C, midt på gravplassen. Arbeidet har vore prosjektert og leia av Akasia AS, og utført av Brekke Maskinstasjon. Arbeidet er ikkje fullført. Gulen kommune har gitt ei ekstraløyving (investering) på kr. 750.000,00 til arbeidet. Det som ikkje er nytta i 20016, er ført over på bunde fond.

Langs kyrkjebakken/muren i Brekke er det sett opp smijernsrekker. Arbeidet er utført av smed Kjetil Torvund. Teknisk etat har sett opp rekksverk langt trappene på nedre gravplass i Brekke.

I Brekke kyrkje har dei gjort eit stort dugnadsarbeid, leia av Steinar Østerbø, med å renovere toaletta. Soknerådet har hatt eiga innsamling til tiltaket og fått inn over kr. 20.000,00. GKF har gitt tilskot på kr. 10.000,00. Total kostnad på prosjektet er ca. kr. 70.000,00, der soknerådet har dekka resten.

Vassposten på kyrkjegarden i Gulen er måla, også det på dugnad. Det same

var rundvask av Gulen kyrkje og måling av smijernsporten på Mjømna.



Alle sokneråda arrangerte dugnad på kyrkjegardane (unnateke Rutle og Oppedal) på våren.

For Gulen kyrkje er det gjort vedtak av biskopen om at den gamle tre-døypefonten skal nyttast.

GKF har vedteke nye gravplass-vedtekter. Dei er no godkjende, og blir sette i verk frå tidleg i 2017.

Største endringane er at fredingstida blir redusert frå 40 til 30 år, og at ny gravlegging i festa grav gjev ny fredingstid. Festeavgiftene vart etter tilråding frå GKF vedtekne auka av kommunestyret til kr. 200,00 per grav per år.

Det vart halde tilsynsrunde på kyrkjene, og laga rapport over naud-synt vedlikehald.

GKF kjøper vedlikehald gjennom tenesteytingsavtalen med Gulen kommune.

Vi har også gjennomført årleg kontaktmøte med ordførar/ rådmann, der m.a. fornying av tenestekjøps-avtalen var tema. Det vart på same møtet drøfta eit samarbeid mellom

kommunen, Tusenårsstaden Gulattinget og GKF om å erstatte gjerdet med ein steingard langs sjøsida av gravplassen i Eivindvik.

GKF gjev tilbod om kjøp av gravstell. Vi har 38 avtalar, og for 36 av desse, vert tenesta kjøpt frå PU-tenesta i kommunen.

### **Frivillige medarbeidarar, bispevisitas**

Det blir gjort mykje arbeid på dugnad i kyrkja og på gravplassane.

Sokneråda administrerer det meste av det, også for område som naturleg fell inn under GKF, som vedlikehald på gravplassane og kyrkjene, samt enkelte større tiltak som t.d. nye toalett i Brekke kyrkje og flaumlys på Mjømna kyrkje.

GKF takkar alle som har vore med på dugnad (sjå førre avsnitt), også dei som har delteke med å gje pengar til tiltaka. Sokneråda skipar til fest for frivillige. I år var festen felles, og i samband med bispevisitasen.



Frå 25.10-30.10 var det bispevisitas i Gulen og Masfjorden. Det var eit variert og godt program, der møte med sokneråd, prestane, fellesrådstilsette

og kommuneleiinga er obligatorisk. I tillegg var det konfirmantsamling i Brekke, frivilligfest på Dalsøyra, familiegudsteneste på Byrknes og visitasgudsteneste i Eivindvik.

Biskopen hadde også skulebesøk i Eivindvik og Dalsøyra og fekk sjå «Kunst i kyrkja»-prosjektet.

### **Kyrkjekontor og tilsette**

Kyrkjekontoret er på kommunehuset i Eivindvik. Kontora er ganske tenlege, men i knappaste laget, då kyrkjeverje og kontorfullmektig må dele kontor. (Gjeld berre for 20 %). Vi låner møterom hos kommunen når det er behov for det. GKF har hatt arbeidsgjevaransvar for 8 personar:

1: Kyrkjeverje Trude Brosvik, 80 %.

Endring: På grunn av politiske verv fekk GKF dekka tapt arbeidsforteneste på kr. 63.310,00. Det vart ikkje sett inn vikar.

2: Organist Peter T. Jobbagy, 60 %.

3: Kyrkjelydspedagog Peter T. Jobbagy, 40 %. Endring: Kyrkjelydspedagogen har fram til sommaren vore utleigd til musikkskulen i 13,68 % stilling. Vi har leigd inn leiar m.a. til å gjenomføre Minikonfirmant.

4: Kontorfullmektig Margrethe Skåden, 20 %.

5: Kyrkjetenar Gulen Astrid Øie Tveit, 17 %.

6: Kyrkjetenar Mjømna Kristin Mjanger, 9 %.

7: Klokkar Gulen Aage Olav Sandal, 5 %.

8: Klokkar Mjømna Grete Lid.  
Endring: Grete Lid slutta i stillinga 31.12.2016.

Sjukefråværet har vore 2,17 %. I tillegg har det vore endringar i prestetenesta. Fram til 01.09.16 hadde Jens Linde sokneprestansvar for Gulen sokn, Bjørn Magne Hansen for Mjømna sokn og Audun Systad for Brekke sokn. Etter det har Jens Linde hatt ansvar for alle tre sokna i Gulen (i tillegg til Solheim i Masfjorden).

Fellesråda i Solund, Gulen og Masfjorden har arbeidd saman med prosten/bispedømet for å få til ei lokal delfinansiering av prestetenesta slik at alle tre kommunane har eigen prest, det vil seie auka tenesta frå 250 % til 300 %, slik det var før. Alle dei tre kommunestyra støtta dette i budsjetta sine, og det er no tilsett ny prest i Masfjorden. Ordninga vil gjelde frå 1. august 2017.

GKF har hatt to medarbeidarsamlingar i 2016. Den eine var i samband med bispevisitasen og den andre 1.12. med fagleg innhald (gjennomgang av arbeidsoppgåver for kyrkjeterar mm), middag, og avslutta med Sogn og Fjordane teater i Gulen kyrkje. Samlinga var også ei avslutningsmarkering for Grete Lid.

Det har vore gjennomført ein medarbeidarsamtale (organist/kyrkjelydspedagog).

Organisten har delteke på eit kurs. Kyrkjeverja har delteke på samlingar med dei andre kyrkjeverjene i prostiet. Det har vore kurs (erfaringsoverføring) i bruk av kyrkjeklokkene i Gulen kyrkje.

To gode medarbeidarar har gått bort i 2016: Andrid Baarøy, mangeårig

kyrkjetenar og kontorfullmektig, og fast frivillig medarbeidar i Gulen kyrkje; Kari Øvstdal. Fred over deira minne.

## Økonomi

Tenesteytingsavtalen til kommunen har i 2016 vore på kr. 536.026,00. Den kjem i tillegg til rammeoverføringa frå kommunen på kr. 2.130.364,00. Kr. 150.000 i årleg investeringsløyving er ein del av ramma. I tillegg har Gulen kommune løyvd kr. 750.000,00 til omarbeidig av gravfelt på Mjømna, og kommunestyret har vedteke å gje kyrkja lån til brannvarslingsanlegga.

Kyrkja sine løyvingar frå kommunen har følgt løns- og prisveksten. Det er ein stor auke i brukarbetaling, noko som i stor grad skuldast meir innkrevjing av festeavgifter.

## Årsmelding for Brekke sokn 2016



## Sokneråd og medarbeidarar

Cathrine W. Tveit (leiar), Bjarne Tynning (nestleiar), Kristin Kjelby, Sissel A. Kvame, Turid Strømsnes og Magnus Oppedal. Varamedlemmer: Johnny Langvatn (møter fast), Bodil

Vågseth, Anne Gunn Ynnesdal, Jan Even Østerbø og Else Karin Vedå. Sissel A. Kvame og Magnus Oppedal er valde som Brekke sine medlemmer i fellesrådet. Soknerådet har hatt 6 møte, der det eine også var fellesmøte med dei andre sokna. I tillegg var det eit soknerådsmøte for alle sokna i Gulen og Masfjorden i samband med bispevisitasen.

Soknerådet har handsama 25 saker. Det har vore eitt soknemøte (årsmøte). Saker som går att på dei fleste møta, er drift av kyrkjelyden, og trusopplæring; - rullering av planen er gjenomført. Elles har ein saker om tildeling av offer, liturgi, årsmelding/rekneskap, budsjett og gudstenestelister. Det har vore ei sak om ny gudstenesteordning for kyrkjene i Nordhordland, og arbeidet med visitasen har kravd noko arbeid.

Randi Trædal er kyrkjetenar.

Klokkartenenesta blir gjort på omgang av eit team på fem personar, og løna blir tilført Brekke sokneråd.

Peter Tiborc Jobbagy er organist og trusopplærar.

Frå 1. august overtok Jens Linde etter Audun Systad som sokneprest for Brekke sokn, og alle dei tre sokna i Gulen + Solheim sokn i Masfjorden har etter det felles prest.

## Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det har vore 20 gudstenester; éi av dei var skulegudsteneste.

Fire gudstenester var familiegudsstenester. To av gudstenestene har vore

utanfor kyrkja: på Bedehuset og i gymsalen på skulen.

I tillegg var alle konfirmantane i Gulen og Masfjorden samla i Brekke kyrkje i samband med visitasen.

Det var 6 dåp, 6 konfirmantar, 8 gravferder, ingen bryllaup, og 11 gudstenester med nattverd.

Snitt-tal på nattverdsgjester var 25,45 (23,2 i 2015). Snitt-tal på deltakarar i gudstenesta var 60,6 (60,1 i 2015).



## Barne- og ungdomsarbeid

Soknet har søndagsskule: «Sprell levande». Det var ti betalande medlemmer, men oppmøtet er jamt over høgare, i snitt 13 deltakarar.

I regi av bedehuset blir det også drive tysdagskafe for mellomtrinn/ungdomstrinn. Snitt: 15 deltakarar.

Skulegudstenesta før jul var for både skulen og barnehagen.

I januar var den tradisjonelle konfirmantfesten i Brekke bedehus.

Første helga i februar var det Tårnagentsamling for 8-9-åringane.

I mars og april, og med leir på Alværa til slutt, var det Minikonfirmant for 10-11-åringar. Dette er eit fellestiltak, og det fungerer ikkje godt nok. Truleg må tiltak for denne aldersgruppa gjerast lokalt.

Barnas Misjonsdag er også eit felles-tiltak, og var i år på Byrknes.

Brekke sokneråd har starta med å gje ei bok til 2-års dåpsdag. Og i tillegg til 4-års boka gjev ein no også bok til 6-åringane.

Adventsverkstaden, som er eit samarbeid mellom soknerådet og bygdekvinnelaget, er blitt fast andre helga i advent, og samlar mange born til aktivitet og gudsteneste.

Konfirmantane har tenesteoppdrag på 6 timer kvar, knytt til konfirmsplanen. Mange har brukt dei på å vere med på andaktar/samlingar på Bu- og omsorgssenteret, på Tårnagenthelg og andre trusopplæringsaktivitetar.

### **Diakoni, kyrkjemusikk og misjon**

Soknerådet si satsing i år har vore fem samlingar med «Tid for tru». Det har vore kveldar med bibelundervising, diskusjon og sosialt samvær. Ca 23 har møtt kvar gong. Opplegget vart gjennomført av Audun Systad.



Siste samlinga vart kombinert med å markere 200-årsjubileet til Bibelselskapet. Det gjorde soknerådet ved å

invitere folk til å ta med gamle biblar, få dei registrerte og utstilte.

Av dei 17 biblane som kom inn, var den eldste frå 1732. Markeringa var eit samarbeid mellom soknerådet og Brekke Sogelag.

Brekke sokneråd gjev ein blomst til nærmeste pårørande som har mist nokon av sine i løpet av året.

Julekonserten er svært populær.

I tillegg var det ein flott konsert med Brekke mannskor og Breistein mannskor i kyrkja.

Og på både julafest og nyttårsaftan deltok det lokale brass-spelarar på høgt nivå, som gjorde gudstenestene til endå meir høgtid!

Som ei førebuing til soknerådet si sak om liturgi, var det ein salmekveld i bedehuset, der vi song gjennom ulike versjonar og også nokre nye salmar. Soknet har avtale med Det Norske Misjonsselskap om «misjonæradsjon», det vil seie at ein støttar eit misjonsprosjekt i Mali.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon blir gjennomført i samarbeid med konfirmantane.

Soknet har fleire deltagarar på Alværastemnet og på Kyrje- og misjonsdagen på Alværa, og det blir informert om leifar.

12 av 20 offer gjekk til andre kristne organisasjonar/misjonsorganisasjonar. 50-års konfirmantane har hatt samling i tilknyting til ei gudsteneste.

### **Frivillige medarbeidarar**

Klokkaartenesta vert gjort av eit team på fem personar.

På kvar gudsteneste stiller éin frå soknerådet som kyrkjevert, og det er enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja etter gudstenesta.

Det har vore gjort eit stort dugnadsarbeid med å ordne toaletta i kyrkja. Og bygdefolk har støtta opp med gåver for å dekke utgiftene.

Det har også vore dugnad på gravplassen i Brekke.

Kyrkjelydsbladet blir delt ut av soknerådet/frivillige.

Alle frivillige var inviterte til «Frivilligfest» på Dalsøyra i samband med bispevisitasen. Der deltok også Brekke mannskor.



Soknerådet har hatt samarbeid både med bygdekvinnelaget, sogelaget og Indremisjonen/Bedehuset i arbeidet sitt.

Trusopplæringstiltaka vert også i stor grad gjort av frivillige.

### **Kyrkje, gravplass og økonomi**

Det vart samla inn kr. 39.776,00 i offer. Av dette gjekk kr. 18.068,00 til eige arbeid. I tillegg vart det samla inn kr. 58.116,00 ved gåver, innsamlingsar etc. Kr. 10.654,00 var til Fasteaksjonen. Resten er delt mellom ein fjerde del av totale gåver til Kyrkjelydsbladet og kr. 22.100,00, som var

gåver øyremerka oppussing av toalett i kyrkja.

Soknerådet har ei inntekt på kr. 15.000,00 på at det er frivillige som tar klokkartenesta.

Toalettet i kyrkja er renovert. Orgelet har hatt eit større vedlikehald. Det er kome rekkverk langs trappene på nedre gravplass, og smijernsrekkeverk langs muren i bakken opp til kyrkja.

Soknerådet arrangerte dugnad på gravplassen før sommaren.

Det er sett i gang arbeid med å finne pårørande til alle gravene, slik at ein kan ta vekk dei steinane som skal vekk, og få ordna dei som skal stå. Her har kyrkjeverja fått hjelp av lokalkjende, men det står att ein del arbeid endå.

### **Sluttord**

Soknerådet meiner det har vore eit aktivt år i kyrkjelyden, og vil takke både frivillige og tilsette for godt samarbeid og innsats for fellesskapen. Vi håpar drifta av kyrkja vår er med å fylle visjonen *Nær Gud, nær menneske* med innhald.

## **Årsmelding 2016 for Gulen sokn Organisasjonen**

Gulen sokneråd: Irene Mongstad (leiar) Maike Norman Bøe (nestleiar), Jan Henrik Leknes, Målfrid Undertun, Signe Baarøy, Jens Linde. Vara: Nina Kolås Rutledal (fast innkalla), Kjellfrid Berge, Kåre Tveit, Vibeccke Austgulen, Gunnar Nesse.

Målfrid og Iddi er soknet sine medlemmer i fellesrådet.



Soknerådet har hatt 6 møte og behandla 27 saker. Det eine møtet var eit fellesmøte med alle tre sokna, og i tillegg var det eit felles møte for alle sokneråda i Gulen og Masfjorden i samband med visitasen.

Det har også vore eit soknemøte (årsmøte).

Av saker som har vore behandla, kan nemnast trusopplæring, som er tema på dei fleste møta, liturgi, tildeling av offer, budsjett, rekneskap og års melding, bispevisitas, forordna gudstenester mm.

Peter T. Jobbagy er organist og trusopplærar, Astrid Øie Tveit er kyrkjetunar og Aage Olav Sandal er klokkar.



To trufaste medarbeidaranar gjekk bort i 2016: *Kari Øvstedal*, som i ei årrekke

har vore frivillig medarbeidar og m.a. sytt for pynting av kyrkja, og *Andrid Baarøy*, som har vore kyrkjetunar og kontorfullmektig. Soknerådet lyser fred over minnet.

### Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det har vore 23 gudstenester. To av desse var skulegudstenester (éi i kyrkja og éi på Dalsøyra skule). Pinsegudstenesta, som er felles for alle sokna, var halden på Tusenårsstaden Gulatinget.

Det var også halde gudsteneste på Dalsøyra bedehus i samband med 100-års jubileet til bedehuset. Éi av gudstenestene var lekmannsgudsteneste.

Visitasgudstenesta for Gulen og Masfjorden var i Gulen kyrkje. I snitt var det 69,3 deltakarar på gudstenestene. (2015: 72)

Det var 16 gudstenester med nattverd, og snitt-talet på nattverdgjester var 27,8. (2015: 20,1)

Soknerådet trur noko av auken skuldast meir bruk av nattverd ved intinksjon (ikkje kneling ved altarrikingen), då det er same talet nattverds-gudstenester som i 2015.

Det har vore 8 dåp, 12 konfirmantar, 1 bryllaup og 13 gravferder.

### Trusopplæring

Soknerådet følgjer stort sett opp trusopplæringplanen, men det har ikkje vore Tårnagenthelg eller Lys vaken i år.

I vår var det Minikonfirmantar, som er eit fellestiltak for 10-11. åringane.

Fellesrådet leigde inn Helle Kartveit fra NMS-U til å ha opplegget, men heller få nytta seg av alle samlingane som er 4 + leir.

Lærdomen er at for så små born bør tiltak vere meir lokale.



Skulane har arbeidd med «kunst i kyrkja», og fekk vist det fram då biskopen var på visitas og besøkte skulane.

Seinare vil det også bli vist fram i kyrkja.

Soknerådet gir ein CD med barne-songar til 2. års dåpsdag, 4-årsbok og 6-årsbok, og 6-åringane får i tillegg eit årsabonnement av «Barnas», søndagsskulen sitt blad.

Det er ei målsetting i planen å få til fast tiltak som søndagsskule, men det har ein ikkje gjennomført endå.

Utfordringa er å finne vaksne som vil bruke tid og krefter på det.

Når det er born til stades, tar presten ei enkel «tekstgjennomgåing» til dei ved å samle dei framme i koret først i gudstenesta.

Konfirmantane i kommunen har felles undervising og leir på Alværa.

Dei har også tenesteoppgåver i samarbeid med Frivilligsentralen, og dei er med som medhjelparar på gudstenestene.

## Diakoni, kyrkjemusikk og misjon

Etter kvar gudsteneste er det enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja.

Soknerådet deler på å vere kyrkjevertar, ofte saman med konfirmantar.

Det har vore to andaktar og nokre «minikonsertar» med organisten på sjukeheimen.

Når klokkenaren er fri, steppar frivillige inn og tar tekstlesinga.

Det har vore gjennomført besøkssteneste og sjelesorgsamtale. (presten)

Kyrkjelyden var invitert til å vere med på «Tid for Tru» i Brekke, og nokre frå vårt sokn nytta seg av tilbodet.

I år var det gudsteneste i kyrkja vår på Helgemesse, og pårørande til dei avdøde siste året, vart spesielt inviterte.

Soknet har «misjonæravtale» med Det Norske Misjonsselskap om eit prosjekt i Mali, og vi har samarbeid med konfirmantane om Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Det er offer på nesten alle gudstenester, og på 12 av 20 var det til andre organisasjoner.

Kyrkja har vore utlånt til to teaterførestillingar/monologar og to konserter. I tillegg har soknet sjølve arrangert to konsertar, ein salmekveld og ein julekonsert med lokale krefter.

I samband med visitasen deltok Brekke mannskor på frivilligfesten på Dalsøyra, samt fleire frå musikkskulen i Masfjorden.

Soknerådet saman med frivillige, sytte for «Open kyrkje» også denne sommaren. Eit tiltak mange tilreisande set stor pris på.

## **Frivillige medarbeidarar**

Det er mange som stiller opp for soknet sitt arbeid, anten det er konfirmantforeldre som lagar mat, folk som er med på dugnader av ulikt slag, utkøyring av Kyrkjelydsblad, eller tekstlesing og trusopplæringsarbeid. Alle i soknet var inviterte til å vere med på Frivilligfesten som sokna arrangerte som ei takk for arbeidet dei legg ned. Det er vanskeleg å få frivillige til å ta på seg oppdrag som forpliktar over tid, som å drive søndagsskule eller klubb. I soknet vårt er det korkje på Dalsøyra eller i Eivindvik noko fast opplegg for born og unge med kristent innhald. Soknet har samarbeid med Gulen pensjonistlag om dugnad på gravplassen om våren. Og før visitasen var det dugnad på å vaske kyrkja.

## **Årsmelding for Mjømna sokn 2016**



### **Sokneråd og tilsette**

Mjømna sokneråd: Bente Haugen (leiar), Anne Ytreøy (nestleiar), Kjell Kversøy, Kristin Mjanger, Inger Alise Einebærholm, Marte A. Birknes

(fram til 08.09.16), Arve Mjømen (frå 08. 09.16).

Varamedlemmer: Arve Mjømen (fram til 08.09.16), Mina Andreassen (ny 1. varamann, møter fast), Sølvi-Ann Oddekalv, Sissel Unneland, Ann-Helen Birknes.

Medlemmer i fellesrådet frå Mjømna sokn: Kjell Kversøy og Inger Alise Einebærholm, vara: Marte A. Birknes (til 08.09.16), Anne Ytreøy (frå 08.09. 16) og Kristin Mjanger.

Soknerådet har hatt 6 møte, der det eine var i samband med eit felles soknerådsmøte på Dalsøyra.

Det har i tillegg vore eit felles møte for alle sokneråda i Gulen og Mafjorden i samband med visitasen.

Soknerådet har behandla 31 saker. I tillegg til desse møta, samlast (delar av) soknerådet til uformelle møte som dei kallar «kjøkkenmøte», der dei diskuterer/fordeler vidare arbeid.

Saker om trusopplæring er vanleg på alle møte, elles har soknerådet gitt uttale om forordna gudstenester, liturgi, laga budsjett, godkjent årsmelding og rekneskap, vedteke offertildelingar og gjort vedtak om dagleg drift.

Soknet har hatt soknemøte (årsmøte).

Ved årsskiftet slutta Grete Lid som klokkar. Soknerådet takka ho av på første gudstenesta i 2017.

Soknerådet har ikkje endeleg vurdert om jobben skal lysast ut eller om ein skal innføre klokkarteam av frivillige.

### **Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

Det var 19 gudstenester i Mjømna

sokn, éi av desse var ei skulegudssteneste, og éi familiegudsteneste på bedehuset i samband med visitasen. Fire av gudstenestene har vore på Byrknes bedehus. I snitt har det møtt 42,4 personar på gudstenestene. (51 i 2015)

Det har vore 8 dåp, 3 vigslar (2 på Skjerjehamn), 4 konfirmantar og 7 gravferder (8 gravleggingar).

På 11 av gudstenestene var det nattverd, med 16.7 deltagarar i snitt. (2015: 14,7 på 9 gudstenester.)

Det er vedteke offer på (nesten) alle gudstenester.



### **Barne- og ungdomsarbeid**

I soknet er det godt samarbeid med andre som driv faste tilbod som Yngres, Onsdagsklubb og Barneforeining.

Soknerådet har, saman med kyrkje-lydpedagog, gjennomført Minikonfirmant. Det er fire felles-samlingar i Gulen, og ei helg på Alværa. Leiren kolliderte med korps-helg, så det var medverkande til lite deltaking. Men soknet vurderer at denne aldersgruppa, 10-11.år, er lettare å få med på tilbod som skjer lokalt.

«Barnas Misjonsdag» er også eit fellestiltak, og i år var det på Byrknes. Det var godt frammøte, men lite frå resten av kommunen.

Soknerådet gjennomførte ei samling med dei som hadde vore konfirmantar i 2015-16 for å høyre korleis dei hadde opplevd tida, og korleis dei ønska at kyrkja skulle vere.

I samband med visitasen var det eiga familiegudsteneste i Byrknes kapell, der mange av borna møtte, og fleire deltok med musikk og tekstlesing.

Konfirmantane er som regel med i dei vanlege gudstenestene og utfører oppgåver. Dei har også delteke saman med folk frå soknerådet på mellom anna Haustfesten, og på andaktar på Eldresenteret.

Kyrkjelydspedagogen har hatt samarbeid med Yngres om ein filmkveld. Soknerådet deler ut dåpslys til dåpsbarn, CD til 2-års dåpsdag, 4.- og 6.-årsbok ved ei familiegudsteneste på hausten, og 6-åringane får eit årsabonnement av søndagsskulebladet «Barnas».

Før jul samlar ein born i kyrkja. Dei er med og pyntar juletreet og lærer om jula. Skulen har i år hatt eit kunstprosjekt, som no er utstilt i kyrkja. Det var skulegudsteneste i desember.

### **Diakoni, kyrkjemusikk og misjon**

Soknerådet har bestemt å ha oftare kyrkjekaffi, slik at det blir ei lita samling rett etter gudstenesta.

Det har vore ein kyrkjekonsert; julekonserten.

I år var det gudsteneste på Mjømna på Allehelgensdag, i tillegg var kyrkja open eit par timer på ettermiddagen.

Pårørande til dei som hadde mista nokon i løpet av siste året, vart særskilt inviterte.

Soknerådet har vedteke å prøve ut nokre nye ledd/tonar i liturgien. Salmar som er nytta i konfirmantundervisinga vert også sette opp på gudstenestene.

Soknerådet annonserer på plakatane at det er høve til å be om kyrkjeskyss.

Soknerådet arrangerte, saman med Solund sokneråd, ein svært vellukka tur til Utvær, Husøy og Straumen i juni.

Soknet har samarbeidsavtale om støtte til misjonsprosjekt i Mali med Det Norske Misjonsselskap.

Konfirmantane deltek saman med soknet om Fasteinnsamlinga til Kirkens Nødhjelp.



### **Frivillige medarbeidarar**

Svært mange gjer ei frivillig teneste for soknet. Soknerådet er takksame for samarbeidet, og har i år hatt Haustfest, der alle blir inviterte på god mat og godt program.

I tillegg var soknerådet medarrangør då det var felles «Frivilligfest» på Dalsøyra i samband med visitasen. Det har også vore dugnad på kyrkje-garden, både vanleg vårdugnad og maling av port. For ikkje å snakke om at det har vore gjort eit stort arbeid lokalt for å få flaumlys på kyrkja. Soknerådet ønskjer å takke alle som gjer ei teneste!

### **Økonomi, kyrkje og kyrkjegard**

Soknet har totalt samla inn kr.

35.432,00 i offer. Av dette har kr. 21.870,00 gått til eiga verksemd.

Fasteinnsamlinga gav kr. 6.362,00 til Kirkens Nødhjelp.

Soknet har ikkje andre inntekter enn gåver. Driftsutgifter er til kjøp av varer og tenester (t.d. blomar i kyrkja, kyrkje-kaffi) og til trusopplæring (CD, bøker, blad mm).

Drift av soknerådet, anna trusopplæring o.l. vert betalt av fellesrådet.)

Det er for 2016 ikkje kravd refusjon frå fellesrådet på utgifter.

Soknerådet har eit overskot på kr. 8.363,37.

Fellesrådet har i 2016 sett i gang eit stort arbeid på Mjømna gravplass, med å gjere klart felt C for nye graver. Arbeidet blir ferdigstilt våren 2017.

Det er også installert brannvarslingsanlegg i kyrkja.

Fellesrådet har gitt kr. 20.000,00 i tilskot til arbeidet med flaumlys på kyrkja. Her har det vore gjort ein kjempejobb lokalt for å få dette til, godt leia av Kjell Kversøy.

\*\*\*\*\*

# **Snart er det konfirma-sjon!**



19.03. hadde konfirmantane week-end på Alværa, og avslutta med samtalegudsteneste i Brekke kyrkje. Konfirmantane hadde vore med og laga gudstenesta, og deltok med drama, song, dans, syndsvedkjening, skriftlesing og forbøn.  
Takk for ei flott gudsteneste!

## **Konfirmantar 2017**

### **Gulen kyrkje: 30. april**

Jørgen Leknes,  
Sindre Birknes Indrebø  
Fredrik Nyhammer  
David Lairton Alves Nery Passos  
Ida Helen Bjelde  
Maria Håvåg  
Svein Jakob Kvamme  
Susanne Kjelby Asheim  
Marte Neverdal  
Silje Rasch  
Zamzam Ysuf Mahamud Salah  
Mathilde Daae Angeltveit  
Hans-Harald Wergeland Hellandsjø

### **Mjømna kyrkje: 14. mai**

William Emil Ytreøy  
Elisa Hjartholm  
Dina Louise Natås Unneland  
Konrad Larsen

Oline Asheim Haveland

Natalie Uthaug

Tobias Høie

Didrik Mjanger

### **Brekke kyrkje: 21. mai**

Mathilde Oppedal Sundbotten

Maria Langvatn Kallestad

Sindre Østerbø Haugsdal

Sander Svartemyr Virkesdal

Stina Karin Ottesen

Julian Hjartholm Bosdal

Truls Ellingsen Haugland

Bjørnar Oppedal

Silje Hop Sundal

Sturle Haugsvær



## **Konfirmantleiar Maren Daae**

Maren har vore konfirmantleiar i lag med Jens Linde i år. i ca. 10 % stilling. Ho bur på Eidsbotn, og jobbar både på butikk og med drosjekøyring. Truleg vil ho også vere med neste år også, og det er vi veldig glade for!

- Korleis har du opplevd å vere med-hjelpar og konfirmantlærar?

- *Eg har hatt eit veldig kjekt år med konfirmantane. Me har hatt samlingar med ulike tema der konfirmantane har jobba mykje i grupper i tillegg til*

*undervisninga. Eg har opplevd det som utfordrande og lærerikt, men mest som kjekt. Eg trur også at konfirmantane sitt igjen med ein god opplevelse.*

- Kva spørsmål interesserer konfirmantane?

*- Eg har inntrykk av at dei er intereseerte i forholdet mellom vitenskap og bibelen. Men også det personlige forholdet til Gud og kva det betyr for ein kristen. Spørsmåla har og gått på grenser.*

- Er ungdom opptekne av tru og tvil?  
- *Det vil eg seie. Kanskje spesielt no i denne tida der det er so stor åpenheit og fokus rundt ulike livssyn og trus-retningar.*

- Noko spesielt du vil trekke fram?  
*- Ja. Eg må få seie at konfirmantane i år er heilt fantastiske. Dei er ein grådig kjekk gjeng med eit stort spekter av herlige personligheter, som det har vore ei glede å bli kjent med :)*

## Konfirmasjonsdagar for fleire år framover

Sokneråda har bestemt konfirmasjonsdatoar for fem år framover, slik at familiær lettare kan planlegge både eigen konfirmasjonsdag, og der det blir fleire i familien same år. Datoar:

- |       |                          |
|-------|--------------------------|
| 2018: | 29. april: Brekke kyrkje |
|       | 6. mai: Gulen kyrkje     |
|       | 13. mai: Mjømna kyrkje   |
| 2019: | 5. mai: Mjømna kyrkje    |
|       | 12. mai: Brekke kyrkje   |
|       | 19. mai: Gulen kyrkje    |
| 2020: | 26. april: Gulen kyrkje  |

- |       |                          |
|-------|--------------------------|
| 2021: | 3. mai: Mjømna kyrkje    |
|       | 10. mai: Brekke kyrkje   |
|       | 25. april: Brekke kyrkje |
|       | 2. mai: Gulen kyrkje     |
|       | 9. mai: Mjømna kyrkje    |

## Dugnader på kyrkje-gardane i vår:

**Eivindvik:** 27.04. kl. 12.00-17.00. Samarbeid mellom soknerådet og Gulen pensjonistlag. Margrethe Skåden er kontaktperson.

**Brekke og Oppedal:** 13. mai. Bjarne Tynning og Johnny Langvatn er kontaktpersonar.

**Mjømna:** Ikkje bestemt. Sjå oppslag



## Familiekonsert, bursdag og konfirmantsamling!

**11. juni** inviterer Mjømna sokneråd årets nye konfirmantar og dei som nett er blitt konfirmerte, + alle andre som har lyst, til stor konsert og feiring! Først gudsteneste kl.11.00, så kyrkje-kaffi og konsert med Team Sulebakk. Dette **MÅ** du få med deg!

Same helga, 10.-11. juni, blir det òg **Tårnagentsamling i Mjømna kyrkje** for barn i alderen 8-11 år. Invitasjon kjem i posten til medlemmer. Viss

nokon som ikkje er medlemmer, har lyst å bli med, så er dei velkomne! Samlinga er på ca. tre timar på laurdag, + gudsteneste på søndag. Barna blir kjende i kyrkja og med kyrkjebygget gjennom å leike «spion», og får oppgåver i gudstenesta.



## **Skal vi fjerne benkane i Brekke kyrkje?**

Dette spørsmålet har vore drøfta mange gonger, men no er det alvor. Soknerådet set det på saklista til soknemøtet 2. påskedag, så har du meininger om dette, så bør du møte! Soknerådet vil invitere til ein kyrkjelydstur til kyrkja i Hyllestad seinare i år, slik at dei som vil, kan få sjå korleis der er blitt.

Det er særleg to grunnar til at soknerådet vil fjerne benkane:

\* Dei er forferdeleg vonde å sitte på. Både korte i setet, og med ei list øvst oppe som skjer inn i ryggen på dei fleste.

\* Golvet i kyrkja er ikkje isolert, og kald trekk kjem opp. Golvet bør derfor isolerast.

Viss ein tek ut benkane, så blir dei erstatta med lause (gode/fine) stolar. Det vil også vere eit kostnads-spørsmål. Og skal soknerådet klare dette løftet, så er vi også avhengige av økonomisk hjelp frå privatpersonar og bedrifter.

## **Kyrkjelydstur 14. juni, Mjømna sokn (og andre som vil vere med):**

Vi er så heldige at vi også i år får henge oss på turen som Solund sokneråd arrangerer for eldre i Solund kommune. Deltakarane fra Gulen reiser via Sollibotn og til Nåra, der vi blir vi henta med båt og skyssa til Hardbakke. Der treffer vi Bjørn Magne Hansen, som er reiseleiar, og deltakarane fra Solund. Turen går frå Hardbakke til Flekke, der vi besøker Jensbua. Vi får sjå bl.a. restaurering av gamle båtar etc.

I Flekke et vi lunsj. Deretter reiser vi til Holmedal og besøker bygmuseet og knivfabrikken.

I Holmedal blir det servert middag før retur til Hardbakke. Vi frå Gulen kan då følge ekspressbåten

frå Krakhella tilbake om kvelden.  
Nærare opplysningar om turen,  
pris/påmelding, vil bli gitt seinare.  
Kontaktperson: Anne E. Ytreøy



## Dåpskjolar

Bygdekvinnelaget i Brekke har gjort eit stort arbeid med å samle inn mange dåpskjolar, skrive om dei og lage ei utstilling. Kjolane var heilt frå 1883 og fram til i dag. Mange er familieklenodium og framleis i bruk. Takk til bygdekvinnelaget som lyftar fram slike flotte tradisjonar og verdiar!



## Konfirmantfest Brekke

Det var konfirmantfest på Brekke bedehus 22.01.2017, og her ser vi konfirmantar og prest framfor det rikhaldige kakebordet.

## Brekke bedehus

Gulen Kommune har bede om å få leige Brekke bedehus til barnehagedrift medan det vert bygd tilbygg på Brekke barnehage. Dette har me svara ja til. Det er positivt at barnehagen har behov for utviding, og me vil difor stille Brekke bedehus til Gulen kommune sin disposisjon. Leigeavtalen går frå 01/03-2017 til 15/10-2017, med moglegheit for forlenging.

I denne perioden vert all aktivitet på Brekke bedehus innstilt, og vert starta oppatt etter at leigeforholdet er avslutta. Takk til alle medhjelparar for dugnadsarbeid med nedvasking, oppussing av toalett/stellerom, rydding og utskifting av varmeovnar til nye som er godkjende for barnehagedrift.  
*Brekke kristelege ungdomslag v/Erna Kjelby*

## Takk for gåve!

Ytre Gulen Sanitettslag har gjeve ei gåve til Mjømna kyrkje/flomlyset på kr. 15.515,00. Tusen takk!

*Mvh Mjømna sokneråd  
v/leiar Bente Haugen*

## Takk!

Det har vore ein tung sommar, med uventa ting som har hendt i familien, samt ulukka ute ved Skjerjehamn som rysta heile Gulen. Men heldigvis klarar me å finne lyspunkt i kvardagen, etter som tida går. Eg vil takke familien som var med og laga fest på min 80-årsdag, eg tykkjer det er godt å kome saman mens me lever.

Takk til klubbvener, naboar, vene fra

arbeidstida, slekt frå inn- og utland for fine bruksting og pengar, og blomster frå ymse lag!

*Stor takk frå Ruth Tveit.*

Herlige, kjærlege minner,  
det beste jeg eier på jord.

Skyve alt ondt til side,  
kun da blir GLEDEN stor!

GLEDE det er å nyte  
hva livet har skjenket deg.

GLEDE det er å fryde seg  
over alt som er skjønt på din vei.

GLEDE det er i samvær  
å gjøre hverandre glad,  
trøste en venn som lider,  
og tørke en tåre av.

GLEDE er roser som vokser og visner,  
og knopper som kommer på ny,  
og fuglen som kvittrer i neket,  
det er vel et vakkert syn.

GLEDE er barnet som gråter,  
for like å etterpå ler,  
de større som springer og hopper  
og danser som lette fjær!

GLEDE er fjellet og bekken  
og fjorden med hvite seil,  
deilige grønne engar,  
og huset som er vårt hjem.

GLEDE er ektefellen og barna  
og vennene som finner frem.

GLEDE er maten vi spiser  
og også kan dele med dem.

GLEDE er å finne en løsning  
selv om en kjær går bort,  
Så la oss glede oss over livet  
og alt som vår Herre har gjort!

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til alle som følgde mor  
vår, Thorbjørg Birknes, til grava.

Takk for blomster til våra og minne-

gåvene til Byrknes Bu- og omsorgssenter. Takk og for all omsorga me har fått i denne tida; for klemmar, blomster, telefonar og besøk.

Takk til personalet på Gulen sjukeheim, og til Jens, Erene og Kristin.

*Helsing Liv, Ann, Torill og Martin  
med familiar*

## Urnenedsetting

Solveig Marie Dyregrov si urne blir sett ned på Gulen kyrkjegard **12.04. kl.11.00**. Familien ønskjer velkomne til dei som vil vere med på grava.

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte

#### GULEN SOKN:

**29.01.17:** Sindre Birknes Indrebø.  
For.: Gunn Birknes og Ole Indrebø.

**12.03.17:** Nelli Areklett Kristensen.  
For.: Toril Areklett og Marcelo Kristensen.

**12.03.17:** Tiril Gram Hjortland. For.:  
Turi Gram og Christoffer Bernard  
Hjortland.

### Vigde:

#### GULEN SOKN:

**12.03.17:** Toril Areklett og Marcelo  
Kristensen.

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**13.02.17:** Betsy Ingrid Lending, f  
1923

**13.03.17:** Kjell Garry Nygård, f. 1946

#### MJØMNA SOKN:

**01.03.17:** Thorbjørg Birknes, f. 1923.

#### BREKKE SOKN:

**24.03.17:** Ingrid Berit Birkeland  
Tveit, f. 1944.



## KYRKJEKALENDEREN

**NB!** Kan bli endringar i gudstenestelista.  
Sjå i lokalavisene, på oppslag, på nett-sidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

**09.04.**, Palmesøndag

**Byrknes bedehus kl. 15.30** v/Jens Linde. Familiegudsteneste og familiefest. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**13.04.**, Skjærtorsdag

**Gulen kyrkje kl. 19.30** v/Jens Linde. Ikkje offer.

**14.04.**, Langfredag

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Ikkje offer.

**16.04.**, 1. påskedag

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Kirkens SOS

**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Jens Linde. Offer: Indremisjonen.

**17.04.**, 2. påskedag

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Søndagsskulen. Soknemøte.

**23.04.**: Ikkje gudsteneste

**30.04.**, 3. s. i påsketida

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarb.

**07.05.**: Ikkje gudsteneste

**14.05.**, 5. s. i påsketida

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**17. mai**, Grunnlovsdag

**Brekke kyrkje kl. 11.30** v/Jens Linde  
Offer: Kirkens nødhjelp

**21.05.**, 6. s. i påsketida

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.  
Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeid

**25.05.**, Helgetorsdag: Ikkje gudsteneste

**28.05.**, søndag før pinse

**Dalsøyra bedehus kl. 15.00** v/Jens Linde + NMS. Familiegudsteneste og Barnas Misjonsdag.

**04.06.**, Pinsedag

**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 12.00**  
v/Jens Linde. Pilegrims-gudsteneste.  
Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**11.06.**, Treeiningssøndag

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.  
Offer: Kirkens bymisjon.  
Tårnagenthelg. Konfirmantfest for alle tre sokna. Team Sulebakk held konsert etter gudstenesta.

**18.06.**, 2. søndag i treeiningstida

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/ Jens Linde.  
Offer: Kirkens bymisjon.

**25. 06.**, 3. søndag i treeiningstida

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Audun Systad. Offer: KFUK/KFUM

**02.07.**, 4. søndag i treeiningstida

**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Audun Systad. Avskjedsgudsteneste. Prosten deltek. Offer.

**09.07.**: Ikkje gudsteneste

**16.07.**, 6. søndag i treeiningstida

**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Jens Linde.

**23.07.**, 7. søndag i treeiningstida

**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde.